

Innsamlinga av Dr. Haugen historiar held fram.

23.05.2018



Thor Inge Døssland i møte med informant Johan Flatebø i Nordrepollen.

Innsamlinga av historiane etter doktor Haugen held fram. Til no har Thor Inge Døssland og Kristian Bringedal samla inn og registrert nær på 100 historiar om den fokekjære distriktslegen i Kvinnherad i perioden 1934 til 1966. Om lag 40 informantar har hjelpt til og fortald frå spesielle hendingar og konsultasjonar. Det innsamla tilfanget vert systimatiskert og samla i tema.

For nokre veker sidan var Døssland og Bringedal i Mauranger på samlarferd. Her møtte dei Johan Flatebø i Nordrepollen. Mauranger var utan veg på den tida og Haugen måtte ha skyss frå Løfallstrand. Skysskaren var Storegjerde. Johan Flatebø er ein god forteljar, hugsar godt og hjelpte til med heile 12 historiar om Doktor Haugen i Mauranger.

I det vidare arbeidet er det viktig at ein får fram breidden i alle dei artige hendingane med distriktslegen. Ei god dekking ut frå geografi er også viktig. I morgen skal innsamlarane møta Håkon Saghaug på Sunde. Frå før har Ove Olderkjer sendt tilfang, mellom anna frå huset deira på Sunde der Haugen hadde utekontor.

Doktor Haugen var fødd i 1895 og kom til Rosendal som lege i Kvinnherad i 1934. Han sluttar som distriktslege, 71 år gammal, i 1966. Etter det dreiv han privat praksis. Haugen døydde i 1986, 91 år gammal.

Dersom du som leser minnest og har gode historiar, ta kontakt med Døssland (932 88 237) eller Bringedal (915 31 487).

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal